

Ekstraordinært plenums møte i Europaparlamentet om Ukraina

Frå Per S. Nestande, Stortingets Brussel-kontor.

1. mars 2022

- *Nær full semje i fordøminga av Russland, solidaritet med Ukraina og krav om enda kraftigare reaksjonar frå EU i ein debatt om Ukraina i Europaparlamentet i dag.*
- *Resolusjon vedteke med stort fleirtal. Ytre høgre gruppa (ID) støtta resolusjonen sjølv om dei ikkje hadde fått vere med å legge den fram.*
- *Brei støtte til å gje Ukraina status som EU-kandidatland.*
- *Mange la vekt på at EU nå står meir samla enn nokon gong og at det er behov for ytterlegare å styrke samarbeid og innsats på forsvars- og sikkerheitsområdet.*
- *Viktig å gjere EU mindre avhengig av Russland mellom anna ved å byggje ut meir grøn energi i EU.*

Europaparlamentet hadde i dag eit ekstraordinært plenums møte om situasjonen i Ukraina, jf. også [Europaparlamentets oppsummering](#) av debatten. Utanfor parlamentet var flagga til EUs medlemsland erstatta med EU-flagget og det ukrainske flagget. Etter debatten samla representantar og tilsette seg framfor Europaparlamentet i ei solidaritetsmarkering. Ein appell frå parlamentspresident Roberta Metsola vart etterfølgd av den ukrainske nasjonalsongen og Europa-hymna.

Parlamentet vedtok også ein [resolusjon](#) med overveldande fleirtal på 637 mot 13 røyster og 26 som avsto. Den tek til orde for å arbeide med å gje Ukraina status som kandidatland, restriksjonar i import av olje og gass og ytterlegare sanksjonar mot russisk økonomi og næringsliv. EU må sikre at Ukraina raskt får forsvarsvåpen og Kviterussland må bli stengt ute frå Swift-systemet på same måte som Russland.

Parlamentspresident Metsola innleia debatten i dag med å fordømme Russlands åtak og aggresjon på det sterkaste og å uttrykke solidaritet med dei som nå er såra og drepne. Dette er ikkje ein krig EU har provosert fram eller starta. Putin vil bli haldne ansvarleg for det som skjer, slik også Lukasjenko vil. Dette er ein historisk augneblink der vi skal gjere det som trengs for å stanse Putin. Det er alt vedteke sanksjonar utan sidestykke mot Russland, men EU er klar til å gå vidare. Europaparlamentet vil støtte at Ukraina får kandidatstatus. Ho lova at Europaparlamentet vil fortsette å vere ei torn i auget på autokratane og slo fast at ingen frå Kreml vil få tilgang til Europaparlamentet framover. EU må nå arbeide vidare med å gjere seg uavhengig av russisk gass. EU må også sørge for at russiske pengar ikkje kan investerast og brukast i EU og hindre at oligarkar og Putins venner kan kjøpe seg statsborgarskap i EU. EU må vidare auke investeringane i forsvar. Det må også innførast effektive tiltak mot desinformasjon og ingen digitale plattformer og nettselskap kan vere nøytrale i denne situasjonen.

Ho takka president for Europakommisjonen, Ursula von der Leyen, president for Det europeiske råd, Charles Michel og høgrerepresentanten for utanrikssaker, Josep Borrell, for innsatsen dei siste dagane og for å sikra europeisk samhald i situasjonen. Innleiinga hennar vart møtt med kraftig applaus.

Den ukrainske presidenten Volodymyr Zelenskyj og presidenten i den ukrainske Radaen, Ruslan Stefanjuk, talte deretter til Parlamentet frå Kyiv. Begge fekk lang applaus etter sine taler. I ei rørende tale som også gjorde at tolken tok til tårar, sa *Zelenskyj* at ord som god dag eller god morgon ikkje gjev meining på ein dag som kan vere den siste for mange av innbyggjarane i Ukraina. Han sa seg glad for samhaldet mellom europeiske land, men la til at det er synd ein tragedie som dette var det som var nødvendig for å oppnå det. Ukrainarane

kjemper nå for retten til det same livet som folk i resten av Europa, har. Ingen skal knuse oss sa han og ba om at EU står saman med landet.

Stefanchuk som talte med fjernsynsbilete med utbomba bygningar som bakgrunn, sa Russland har det fulle ansvaret for det som skjer. Ukraina forsvarer nå grensene for den vestlege sivilisasjonen og ingen veit kvar Russland stanser om dei ikkje blir stansa i Ukraina. Søknaden om EU-medlemskap er viktig. Han oppmoda EU om ikkje å sitte stille og sa det er ikkje blir fred i Europa utan Ukraina.

Michel la også vekt på at det er Putin som har det fulle ansvaret for krigen. Putin er redd fordi folk i Ukraina vil ha fridom, demokrati og rettssat. EU skal forsvare desse verdiane og er fullt koordinert internt og med USA og resten av G7-landa. EU vil bidra til at Putin blir utsett for maksimalt press inntil han trekker seg ut av Ukraina. EU skal følgje opp med handling for å sikre dette. Det vil bli tatt initiativ til ei internasjonal gjevarlandskonferanse og EU vil stille opp for å hjelpe flyktningar. Han viste til at Ukraina har bedt om å bli anerkjent som eit kandidatland. EU vil vurdere søknaden på ein grundig måte.

Borrell sa dei siste dagane har vist at faren for krig aldri forsvinner heilt. EU skal stå opp mot Russland. EU skal vedta eit strategisk kompass i løpet av dei neste vekene og må tenkje strategisk om seg sjølv, omgjevnadane og verda. Det er viktig å auke den militære kapasiteten for å kunne avskrekke. EU har handla usedvanleg raskt ved å innføre sanksjonar og sikre våpen til Ukraina og er nå meir samla enn nokon gong.

Von der Leyen understreka EU aldri vil akseptere at folk blir drepne og såra fordi ein person ikkje vil at eit land skal eksistere. Krigen er ein kollisjon mellom to verdssyn og handlar om framtida til demokratiet. Ho varsla at ein midlertidig mekanisme som sikrar flyktningar tilgang til helse, skular og arbeid, vil bli tatt i bruk. EU har også løyva 500 millionar euro til humanitær bistand. Det vil kome fleire flyktningar og EU skal stille opp for dei. EU har innført dei mest omfattande sanksjonane nokon gong og vil utvide desse vidare mellom anna for å ramme oligarkane og familiane deira. Sanksjonane vil dessverre ha økonomiske konsekvensar også for EU i ein situasjon der alle hadde vona å kunne fokusere på gjenreising etter pandemien. Ho viste til at krigen har effektar for gassleveransar til EU. Jamvel om EU nå får maksimalt med gass frå Noreg og meir LNG, er situasjonen eit ytterlegare argument for å byggje ut meir grøen energi i Europa. EU er nært koordinert med Storbritannia, USA, Canada og Noreg så vel som Japan og Sør-Korea. Putin har ikkje klart å svekke Nato og EU – tvert i mot. EUs felles politikk for sikkerheit og forsvar har utvikla seg meir dei siste seks dagane enn dei siste to tiåra. Ho understreka at EU vil støtte det ho omtalte som det andre Russland – dei kreftene i Russland som kjemper for demokrati. Folket i Ukraina viser stort mot og tek kampen for det som er universelle rettar og landet høyrar heime i den europeiske familien

Debatten etterpå var prega av uvanleg stor semje mellom alle dei politiske gruppene både når det gjeld Russlands ansvar for krigen og solidaritet med Ukraina. Mange la vekt på at dette handlar om å forsvare felles verdiar og uttrykte solidaritet med Ukraina som tar den kampen. Putin har oppnådd det motsette av det han ynskte, nemleg styrka samhald i EU og meir felles politikk for sikkerheit og forsvar og eit EU vil gjere seg meir uavhengig av russisk energi og naturressursar. Det vart tatt til orde for ytterlegare sanksjonar mot Russland, Putins støttespelarar og oligarkane og familien deira. EU må også la sanksjonane omfatte regimet i Kviterussland som ber eit stort ansvar for å ha latt Russland gå til åtak på Ukraina via landet. Mange støtta at Ukraina får status som kandidatland.

Sentrum høgre-gruppa (EPP) sa konferansen om EUs framtid må utnyttast til å ta reelle avgjerder som kan styrke EU. EPP tok også til orde for å styrke det transatlantiske tilhøvet ved å gjenoppta arbeidet med ein frihandelsavtale med USA.

Sentrum venstre-gruppa (S&D) la vekt på at Putin vil bli stilt for ein internasjonal domstol og understreka at EU står klar til å ta i mot ukrainske flyktningar.

Den liberal gruppa (Renew Europe) sa sjølv om vegen mot medlemskap er lang, er det er viktig å anerkjenne Ukraina som eit kandidatland.

Dei grøne understreka at det Putin og hans regime og ikkje folket i Russland som er motstandaren til EU. Den diplomatiske kontakten med landet må tas opp at når aggresjonen stansar. Det er viktig å bidra økonomisk til dei i EU som blir ramma av sanksjonane slik at ikkje dei splitter.

Ytre høgre-gruppa (ID) sa det var godt å sjå at EU for ein gong skuld har samla seg raskt til omfattande tiltak. Dette er ei semje utan sidestykke og 24. februar vil vere eit vendepunkt i i historia. Det er viktig å lære av feila som er gjort, ikkje minst ved å gjere EU mindre avhengig også av Kina. Gruppa understreka også at både innbyggjarar og næringsliv i EU som blir ramma av sanksjonar må få støtte. ID sa seg lei for at dei andre gruppene ikkje hadde latt ID vere med på å leggje fram resolusjonen som skulle vedtakast, men at ID uansett støtta den. Eit medlem av gruppa kritiserte framlegget om å blokkere RT og andre russiske media i EU.

Den konservative gruppa (ECR) kritiserte landa vest i EU for ikkje å ha forstått kva Putin har ynskjer å oppnå sjølv om det har vore svært tydeleg. Land som Tyskland og Frankrike har oppført seg på ein måte som har gitt Putin mot til å gå til åtak, mellom anna gjennom eit prosjekt som North Stream. Det er viktig å sleppe Ukraina inn i EU.

Ytre venstre gruppa (The Left) understreka også at det er viktig å innføre tiltak som råkar oligarkar og hindrar skattesvindl. Det er også viktig å kompensere innbyggjarar som blir råka av sanksjonane. Gruppa støtte ideen om Ukraina som eit nøytralt land.

Visepresident i Europakommisjonen, Maroš Šefčovič, sa på slutten av debatten at han aldri hadde sett ein debatt i Europaparlamentet prega av slikt samhald. Kampviljen og motet som folket i Ukraina blir lagt merke til og viser at landet høyrer heime i den europeiske familien.

Josep Borell avslutta debatten ved å vise til at Minsk-avtalen nå er historie. EU må ha sterkare mekansimer for å sikre sikkerheit i Europa sjølv om dialog og diplomati er kjernen for EU. Halvparten av Russlands valutareserver er nå fryst og landet risikerer å gå bankerott. EU vil arbeide globalt for å sikre felles front mot Russland, inkludert ein resolusjon i FNs generalforsamling. EU har dei siste 20 åra snakka om å bli mindre avhengig av russisk gass, men har faktisk blitt meir avhengig. Denne utviklinga må snus. Det neste EU-budsjettet må reflektere behovet for større felles løyvingar til sikkerheits- og forsvarsområdet. Dette handlar ikkje om å svekke den transatlantiske alliansen – tvert imot. EU må styrke det Borrell kalla hard makt, mellom anna med å byggje opp motstandskrafta og ikkje minst evna til å reagere raskt. Det betyr også at EU må også endre prosedyrar og arbeidsmetodar.

Med beste helsing

Per S. Nestande
seniorrådgjevar
Stortingets Brussel-kontor
internasjonal avdeling



Telefon: +47 23 31 36 11
Mobil: +47 917 68 598
E-post: psn@stortinget.no